

## Hjetlandsvilja vart beste travar på utstilling på Voss.

29.05.2017



Hjetlandsvilja og Ragnhild Tennebeck Bjørke på utstillinga på Voss.

**Det er eit bra hestemiljø i Uskedalen, og særleg er det mange hestar oppover i dalen. Ein av hestane er 2-åringen Hjetlandsvilja som Ragnhild Tennebeck Bjørke og Olav Hjetland Bringedal eig. Sist helg var dei til Voss med Hjetlandsvilja på utstilling. Unghesten vart vurdert til 1. kvalitet, og den vart kåra til beste travar på utstillinga.**

Hjetlandsvilja er avkom etter Bjørkelilja som også er i sambuarparet på Myklebust si eige. Far er Moe Odin. Både foreldre og avkom er kaldblodstravarar.

I tillegg til å oppnå 1. kvalitet fekk altså Hjetlandsvilja best poengsum av alle travarhestane på utstillinga uansett alder. Framleis er 2-åringen for ung til å delta i travløp. Ragnhild T. Bjørke fortel at det er godt mogeleg at Hjetlandsvilja kjem til å delta i løp i framtida, og dei vil kanskje gjennomføra mønstringsløp. Det kan koma til å skje utpå hausten.

Ragnhild fortel at Hjetlandsvilja var einaste Uskedalshesten på sjået, men det var fleire hestar frå Kvinnherad som fekk gode resultat. Desse var fjordingar som kom frå både Omvikdalen, Rosendal og Mauranger.

Det vert spennande å følgja Hjetlandsvilja, og hestemiljøet elles i bygda, framover. Forløpig skal ho få kosa seg på beite der både ho og andre hestar er til gled for barnehagebarna og andre i nærmiljøet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Privat foto.